

Studenttinget 2015/2016

Sakspapir 1. møte, 28.09.16.

Sak 00 - 16/17:	Konstituering	2
Sak 01 - 16/17:	Godkjenning av innkalling og referat	3
Sak 02 - 16/17:	Godkjenning av sakliste og dagsorden	4
Sak 03 - 16/17:	Orienteringar	5
Sak 04 - 16/17:	Møteplan for studieåret	6
Sak 05- 16/17:	Faddervekestyret orienterer om årets Fadderveke	7
Sak 06 - 16/17:	Val av representantar for råd og utval	8
Sak 07 – 16/17:	Valt eller ansatt rektor.....	10
Sak 08 – 16/17:	Supplering av vara til AMF	11
Sak 09 – 16/17:	Ein grønare høgskule.....	12
Sak 10 - 16/17:	Studentposar	13
Sak 11 – 16/17:	Tv- aksjonen	14
Sak 12 – 16/17:	Ymse	15
Vedlegg til sak 06 – 16/17:	Val til råd og utval	16
Vedlegg til sak 07 – 16/17:	Valt eller ansatt rektor.....	20

Sak 00 - 16/17: Konstituering

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Karoline Strand

Studenttinget innstiller på Nikolai Hannevik Nordlid som fast ordstyrar.

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Sak 01 - 16/17: Godkjenning av innkalling og referat

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Studenttinget innstiller, i denne rekkjefylgja:

- Innkallinga
- Referatet

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner innkalling og referat.

Sak 02 - 16/17: Godkjenning av sakliste og dagsorden

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Forslag til sakliste og dagsorden

Møtestart kl 17.25

Sak 00 – Konstituering	17.25 – 17.27
Sak 01 – Godkjenning av innkalling og referat	17.27 – 17.30
Sak 02 – Godkjenning av sakliste og dagsorden	17.30 – 17.32
Sak 03 – Orienteringar	17.32 – 17.40
Sak 04 – Møteplan for studieåret	17.40 – 17.45
Sak 05 – Faddervekestyret orienterar om årets Fadderveke	17.45 – 17.55
Sak 06 – Val av representantar for råd og utval	17.55 – 18.10
Sak 07 – Valt eller ansatt rektor	18.10 – 18.25
Sak 08 – Supplering av vara til AMF	18.25 – 18.35
Sak 09 – Ein grønare høgskule	18.35 – 18.50
Sak 10 – Studentposar	18.50 – 19.00
Sak 11 – TV-aksjonen	19.00 – 19.10
Sak 12 – Ymse	19.10 – 19.20

Møteslutt ca 19.20

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner sakliste og dagsorden

Sak 03 - 16/17: Orienteringar

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Karoline Strand

- Arbeidsutvalet
- Høgskulestyret
- Studentsamskipnaden for Sunnmøre
- Andre

Forslag til vedtak : Det er ikkje vedtak i orienteringssaker.

Sak 04 - 16/17: Møteplan for studieåret

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Studenttinget har gjennom åra hatt tingmøtet siste onsdagen kvar måned. Arbeidsutvalet forslår no følgande møtedatoar for studieåret. Legg også merke til forslag for dato til årets hyttetur og julebord.

Vi foreslår følgande datoar:

Haust 2016:

26.oktober – kl17

30. november – kl17

Vår 2016:

25. januar – kl17

22. februar – kl17

29. mars – kl17

26. april – kl17

Hyttetur og julebord: 2.- 4. desember. Legg merke til at studenttinget berre skal være med 3.- 4. desember, medan AU har fredagen i tillegg.

Forslag til vedtak:

Studenttinget godkjenner møteplanen for hausten 2016.

Sak 05- 16/17: Faddervekestyret orienterer om årets Fadderveke

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Årets Fadderveke har fått gode tilbakemeldinger frå alle hold. Vi har fått spesielt skryt frå internasjonalt kontor og internasjonalt utval for handtering av dei internasjonale studentane.

Leiar for Fadderveka 2016 held ei kort orientering.

Forslag til vedtak:

Det blir ikkje gjort vedtak i orienteringssaker.

Sak 06 - 16/17: Val av representantar for råd og utval

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Lisa S. Kalvø

Studenttinget har ansvar for å velje studentrepresentantar til ulike råd og utval ved Høgskulen i Volda. Dette er viktige verv som gjev studentane sjansen til å ta del i og påverke prosessar som går føre seg i dei ulike beslutningsorgana ved Høgskulen. Medlemmar i arbeidsutvalet sit som representantar i fleire av desse utvala, og oppmodar også studenttingsrepresentantane til å stille.

Informasjon om dei ulike verva fylgjer i vedlegg 1.

Det skal veljast studentrepresentantar til fylgjande råd og utval:

Strategisk studienemnd:

Ein hovudrepresentant (den andre hovudrepresentanten er fagansvarlig i arbeidsutvalet) og to vararepresentantar.

Klagenemnda:

To hovudrepresentantar og to vararepresentantar. Kjønnskvotering og personlig vara.

Internasjonalt utval:

Ein hovudrepresentant (den andre hovudrepresentanten er internasjonalt ansvarleg i arbeidsutvalet) og to vararepresentantar.

Læringsmiljøutvalet (LMU):

Tre hovudrepresentantar (+ velferdsansvarleg i arbeidsutvalet) og fire vararepresentantar

Tilsetjingrådet for faglege tilsetjingar (TUFO):

Ein hovudrepresentant + (leiar for arbeidsutvalet) og to vararepresentantar

Skikkanemnda:

To hovudrepresentantar og to vararepresentantar.

Forskningsutvalet:

Ein hovudrepresentant +(ein frå arbeidsutvalet) og to vararepresentantar.

Valstyret:

Ein hovudrepresentant + informasjonsansvarleg i arbeidsutvalet, samt to vararepresentantar.

Alle verv gjev godtgjersle etter staten sine satsar, som per i dag er kr 429,- per time.

Forslag til vedtak:

Studenttinget vel dei representantane som ynskjer å stille

Sak 07 – 16/17: Valt eller ansatt rektor

Møtedato: 28.09.2016
Sakshandsamar: Karoline Strand

På styremøte til Høgskulestyret i september vart det offentliggjort at høgskuledirektør Jacob Kjøre Jr. skal gå av i si stilling i august 2017. Dette opnar for at styret no skal diskutere kva for ein styringsmodell dei ønska HVO skal ha. Derfor er det på tide at STiV tar stilling til dette slik styret veit kva studentane ønska når saken skal diskuterast i oktober/november.

Vedlagt ligg eit eige notat med argument. Denne kan brukast som en peikepinn for diskusjonen.

Forslag til vedtak:

Det blir ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker.

Sak 08 – 16/17: Supplering av vara til AMF

Møtedato: 28.09.2016
Sakshandsamar: Natalia Ramirez Garcia

Fordi Liv Aarberg gikk over som fri representant står avdeling for mediefag utan ein vara. Arbeidsutvalet ber difor studenttinget om løyve til å fritt supplere ein vara til denne avdelinga.

Forslag til vedtak:

Arbeidsutvalget får løyve til å fritt supplere ein vara til avdeling for mediefag.

Sak 09 – 16/17: Ein grønnare høgskule

Møtedato: 28.09.2016
Sakshandsamar: David Fiskaa

Ein student ved høgskulen ønskjer å starte opp ein miljøorganisasjon ved høgskulen.

Kva tiltak kan ein gjere for å påverke skulen til å bli ein grønnare høgskule?

Forslag til vedtak:

Det vert ikkje gjort vedtak i diskusjonssaker.

Sak 10 - 16/17: Studentposar

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Marie Havnsund

I september kom det inn ein rekke klager på årets studentposar. Arbeidsutvalet vil no at Studenttinget skal diskutere hensikta med disse posane og om dette er noko vi vil fortsette med å ha eller ikkje. Arbeidsutvalet ønskjer sjølv å gå over til ein lokal «Volda-pose» med lokale tilbod og varer.

Forslag til vedtak:

Studenttinget går bort frå studentposane og fokuserer på å få ei ordning med lokale tilbod og varer i ein eigen «Volda-pose».

Sak 11 – 16/17: Tv- aksjonen

Møtedato: 28.09.16

Sakshandsamar: Karoline Strand

Vi skal i samarbeid med VSI og Volda Næringsforum arrangere sponsorsymjing 19. oktober for TV aksjonen.

Vi har 4 symjarar som skal symje non stop i 2 timar. Vi jobbar no for å få inn sponsorar som vil vere med å bidra.

Forslag til vedtak:

Det vert ikkje gjort vedtak i diskusjons- og orienteringssaker.

Sak 12 – 16/17: Ymse

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Forslag til vedtak:

Vedlegg til sak 06 – 16/17: Val til råd og utval

Møtedato: 28.09.16
Sakshandsamar: Karoline Strand

Oversikt over ulike råd og utval med studentrepresentantar ved HVO

Studentar ved Høgskulen i Volda har moglegheit til å delta i mange av dei viktigaste beslutningsorgana ved Høgskulen. Ei av oppgåvene til STiV er å sørge for at det vert vald inn studentrepresentantar til ei heil rekkje ulike råd og utval. Her kan du lese meir om dei ulike utvala. Tenk over om dette er noko for deg!

Strategisk studienemnd

Strategisk studienemnd arbeider med utviklinga av dei ulike studieprogramma og med kvalitetsarbeid ved Høgskulen. Nemnda har i oppgåve å diskutere overordna utdannings- og studiestrategi; kva HVO skal tilby av utdanningar på lang og kort sikt, og vere rådgjevande organ for Høgskulestyret. Nemnda godkjenner etablering av studium til og med 30 studiepoeng, og studie- og emneplanar for studium som er vedteke etablert. Ansvar for å lage årsrapport for studiekvalitet og vurdere kandidatar til utdanningsprisen og innstille til styret.

Samansetjing: Prorektor (leiar), dei fire dekanane, to studentrepresentantar (den eine fagansvarleg i arbeidsutvalet i STiV). Studiedirektør er sekretær, høgskuledirektøren og EV-leiar har talerett.

Møter: om lag sju møter per studieår

Godtgjersle: Møtegodtgjersle etter staten sine satsar; kr 429,- per time

Internasjonalt utval

Internasjonalt utval er eit strategisk, rådgjevande og samordna organ som tek opp saker som angår internasjonalt arbeid ved HVO. Utvalet har i oppgåve å rullere handlingsplanar for internasjonalt arbeid, fordele mobilitetsmidlar og å gjennomgå partnerporteføljen til HVO.

Samansetjing: Prorektor (leiar), studiedirektør (nestleiar), ein representant frå kvar av dei fire avdelingane ved HVO, ein representant frå Studentsamskipnaden for Sunnmøre, to studentrepresentantar, der den eine av desse er internasjonalt ansvarleg i arbeidsutvalet i STiV. Internasjonal koordinator er sekretær.

Møter: om lag sju møter per studieår

Godtgjersle: møtegodtgjersle etter staten sine satsar; kr 429,- per time

Læringsmiljøutvalet (LMU)

Læringsmiljøutvalet arbeider for å kvalitetssikre at læringsmiljøet til studentane er tilfredsstillande. Mandatet for utvalet er lovpålagt, og utvalet rapporterer direkte til Høgskulestyret. LMU skal etter Universitets- og høgskulelova §4-3, 3. ledd haldast orientert om klager frå studentar som gjeld læringsmiljøet, og kan uttale seg om slike forhold til styret. Utvalet vel kvart år leiar vekselvis blant HVO og studentane sine representantar.

Samansetjing: Fire representantar frå HVO (rektor, ein representant frå driftspersonalet, ein representant frå studieadministrasjonen og ein fagleg representant), og fire studentrepresentantar

Møter: om lag fem møter per studieår

Godtgjersle: møtegodtgjersle etter staten sine satsar; kr 429,- per time. Når ein student er leiar for utvalet, får vedkomande også godtgjort tid til møteførebuing.

Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar

Tilsetjingsutvalet er ansvarleg for tilsettingar i faglege stillingar ved HVO, både faste og mellombelse stillingar, samt permisjonssaker. Representantane i utvalet får innsyn i kven som søker, og er med på å avgjere kven som skal få tilbod om stilling. Arbeidet i utvalet vert handtert etter Universitets- og høgskulelova 2005-04-01 (kapittel 6), Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger 2006-02-09 (kapittel 1) og HVO styrevedtak i sak 70/2003 Samansetjing av tilsetjingsutvalet.

Samansetjing: Rektor, høgskuledirektør, aktuell dekan, ein styreoppnemnd representant frå fagpersonalet, ein tillitsvald frå fagpersonalet, to studentrepresentantar. Personaldirektør er sekretær i utvalet.

Møter: etter behov, mellom 8-10 møter per studieår. Møta er fordelt ujamnt utover året. Møta varer vanlegvis ½-1 time.

Godtgjersle: møtegodtgjersle etter staten sine satsar; kr 429,- per time.

Klagenemnda

Klagenemnda handterer saker etter Universitets- og høyskulelova §4.7, §4.8 §4.10 §5.10 – om annullering og utvisning grunna fusk eller forsøk på fusk, klager på formelle feil ved eksamen og klage på enkeltvedtak, slik som klage på avslag på opptak, avslag på innpassing m.m.

Samansetjing: ekstern jurist med domarfullmektigkompetanse (leiar), to fagtilsette, to studentrepresentantar. Studiedirektør er sekretær.

Møter: etter behov; om lag 4 gongar i studieåret

Godtgjersle: møtegodtgjersle etter staten sine satsar; kr 429,- per time

Skikkanemnda

Skikkanemnda er ei lovpålagt nemnd. Forskrifta om skikkavurdering i høgre utdanning, heimla i Universitets- og høyskulelova sin § 4-10, omfattar totalt 25 ulike pedagogiske og helse- og sosialfaglege utdanningar. På desse studia skal det gjerast ei heilskapsvurdering av alle studentane gjennom studietida, der studenten sine faglege og personlege føresetnader for yrket vert vurdert. Ein student som kan utgjere ein muleg fare for sine barnehagebarn/ elevlar/ pasientar/ klientar/ brukarar sitt liv, psykiske og fysiske helse eller tryggleik, er ikkje skikka for yrket. Ved skriftleg grunngeven tvil om ein student er skikka, skal nemnda gjere ei særskilt skikkavurdering etter forvaltningslova sine reglar om sakshandsaming.

Samansetjing: ein fagleg leiar, ein studieleiar, to representantar frå praksisfeltet, to faglærarar, to studentrepresentantar og ein ekstern jurist.

Møte: etter behov; førebels ingen møte.

Godtgjersle: møtegodtgjersle etter staten sine satsar; kr 429,- per time

Forskinsutvalet

Forskinsutvalet er eit strategisk, samordnande og rådgjevande organ i Forskings- og utviklingssaker (FoU) ved Høgskulen i Volda. Forskingsutvalet skal arbeide for at forskingsmiljøet i Volda leverer FoU-arbeid av høg kvalitet. Forskingsutvalet har ansvar for rettleiing og kvalitetssikring i samband med Høgskulen i Volda si forskingsverksemd. Forskingsutvalet lagar ein årleg rapport om FoU-verksemda til styret. Les meir om forskingsutvalet og nettsida: <http://www.hivolda.no/hivolda/forsking-og-utvikling/forskinsutvalet>

Samansetjing: rektor (leiar), dei fire dekanane, fire forskarar (ein frå kvar avdeling), to studentrepresentantar. Observatørar: Direktørane ved HVO og MFV, FoU-rådgivar ved HVO, FoU-konsulent ved HVO, bibliotekleiar ved HVO og ein representant frå forskarane ved Møreforskning Volda. FoU-rådgjevar er sakshandsamar og kallar inn til møta.

Møter: Om lag 8 møter per studieår

Godtgjersle: Møtegodtgjersle etter staten sine satsar; kr 429,- per time

Valstyret

Valstyret har ansvar for det administrative knytt til val av høgskulestyret og val av rektor. Studentrepresentanten har lite å gjere reint praktisk, men er viktig å ha med for at styret kan fatte vedtak. Studentrepresentanten er også involvert på valdagen med å telje stemmer og liknande.

Samansetjing: fem representantar frå dei tilsette ved HVO, to studentrepresentantar, den eine er informasjonsansvarleg i styret i STiV.

Møter: Om lag 1-2 møter i starten av studieåret, nokre fleire kvart fjerde år når det er rektorval.

Godtgjersle: Møtegodtgjersle etter staten sine satsar; kr 429,- per time

Vedlegg til sak 07 – 16/17: Valt eller ansatt rektor

Møtedato: 28.09.2016
Sakshandsamar: Karoline Strand

VALGT REKTOR Styreleder og rektor	ANSATT REKTOR Styresekretær, ekstern styreleder
---	---

Å skulle diskutere valt eller ansatt rektor er i eigentleg det same som å diskutere kva for ein styringsmodell HVO skal ha i tida framover. Det viktigaste i denne saka å hugse på at valt rektor er styreleder i HVO-styret på same tid som han er rektor og har ein saksforberedande funksjon. Ein ansatt rektor vil være sekretær og vil ikkje ha stemmerett i styret.

POSITIVT	NEGATIVT	POSITIVT	NEGATIVT
Styreleder	Dobbeltrolle som rektor og styreleder	Styresekretær og ingen stemmerett	Styreleder vil være ekstern og dei eksterne blir da 5 og ikkje berre 4.
	Vil ha i bakhovudet et eventuelt gjenval	Kan fokusere på jobben og ikkje tanken på å bli gjenval eller ikkje	
	Dobbeltrolle i styret som styreleder og rektor, kan skape rollekonflikt – ingen er så objektive	Vil ikkje ha dobbeltrolle eller stemmerett	
Blir valt av både faglige ansatte og		Studentanes stemme i ansettingsprosessen	Kun eit få antal personar som

studentar, alle er med på å bestemme	Studentenes stemme her teller ikke like mye som de faglige	vil vege like mykje – man vil her få ein gjennomgående prosess med kjennskap til alle kandidatar, samt ferdighetene og visjonane deira for HVO	bestemmer, men kvalifiserte personer
Kan gi kandidatar som er godt kjent med institusjonen	Kandidatar utanfrå kan la være å stille pga frykt	Vil gi kandidatar utanfrå og innanfrå	Kandidatar kan bli unntatt offentlegheita
Kan ivareta faglige og akademisk forhold fordi rektor kan være noen allereie innanfor HVO.	Valt rektor gir direktøren uforholdsmessig stor makt fordi det faglige og administrative blir sterkt knytta saman. I dag har rektor administrativt ansvar, men gir dette til direktøren.	Vil berre ha ansvar for det faglige, det administrative blir liggande hos de som faktisk skal arbeide med det.	
Kan sikre forankring, legitimitet og kompetanse om institusjonen	Kan skape favorisering mot dela av institusjonen, f.eks mot den avdelinga personen kjem frå	Kan gi nødvendig kompetanse frå samfunnet utanom HVO.	Kan føre til manglande kompetanse innad
Kan dra partnerskap innad fra HVO	Kan ha manglande kunnskap om samfunnet elles	Kan lettare dra nytte av partnerskap utanfrå	Risiko for feil partnerskap og prioriteringer utanfrå
Kan ha større politisk spillerom		Kan ha større politisk spillerom	
Kan samarbeide og uttale seg heilt fritt	Er på denne måten avhengig av å bli likt av alle	Kan uttale seg fritt, men er ikkje avhengig av å bli godt likt	Vil ofte måtte ta ting med styret først
Organisasjonen vil kunne styrast frå botnen og opp	Organisasjonen vil kunne styrast frå botnen og opp	Organisasjonen vil kunne styrast frå toppen og ned	Organisasjonen vil kunne styrast frå toppen og ned

Kan være det beste dersom institusjonen vil stå alene	Kan også ikkje være det beste..	Kan være det beste om vi vil stå alene – KD kan roe ned litt.	Kan være uheldig dersom institusjonen vil stå alene
Kan gi meir autonomi	Kan gi mindre autonomi	Kan gi meir autonomi	Kan gi mindre autonomi